

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDALDato: 08.11.2017  
Vår ref.: 2017/16581-2  
Saksbehandlar: Iarbirik  
Dykkar ref.:

## Høyring av detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet - Kvinnherad kommune - Varsel om arkeologisk registrering

Viser til brev datert 27.10.2017 med detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet lagt ut til offentlig ettersyn. Viser og til møte med Kvinnherad kommune og Norconsult hjå fylkeskonservatoren 20.09.2017 samt synfaring med Norconsult 28.09.2017, og vårt innspel til planprogram datert 07.10.2017. Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Arkeolog frå fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune var på synfaring på Sydnes fredag 03.11.2017 i samband med planforslaget som vart lagt ut til offentlig ettersyn 27.10.2017. Som Norconsult også viser til i planskildringa, s. 41, kap. 5.3 «Kulturmiljø», så må steinalderlokaliteten id. 95919 avklarast i samband med planprosessen. I forbindelse med husbygging nede ved Strondavegen på gnr. 208, bnr. 1, vart det levert inn fleire funn som indikerer at det her har lege ein buplass frå steinalder. I tillegg er det gjort funn av fleire flintavslag og skraparar av flint oppe ved tunet på gnr. 208, bnr. 1. I tillegg er det kjent ei rekkje røyser i nærområdet, m. a. langrøysa ovanfor ferjekaien id. 66380. Potensial for funn innanfor planområdet er difor å rekne som stort. Dette gjeld spesielt arealet frå ferjekaien og austover langs vegen på bnr. 1 og 2. Arkeologisk registrering må utførast for å avklare om planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Mellom anna vart det på det føreslegne deponiområdet som er merka med #4 på plankartet, i myrområdet tilhøyrande bnr. 3, påvist ei stemme/damanlegg og ein steingarde frå nyare tid.

Med bakgrunn i synfaring, samt kjennskap til tidlegare funn og kulturminne i området, finn vi det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jmf. § 9 i kulturminneloven. Jfr. Lov av 9.juni 1978 nr.50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Vi ber om skriftleg godkjenning av dette.

Då saka også omfattar store sjøareal, så er den sendt over til Bergen Sjøfartsmuseum for vurdering. Uttale frå sjøfartsmuséet vert ein del av den samla fråsegna frå Hordaland fylkeskommune.

Vi varslar med dette at vi krev inntil 3 + 1 månadar forlenga høyringsfrist før vi kan gje endeleg fråsegn til planen, jf. § 9 i Lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr 50. Kommunen kan ikkje eigengodkjenne planen før omsynet til kulturminneverdiar er avklart.

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Lars Øyvind Birkenes  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Hans-Christian Engum

Vedlegg

1 Kostnadsoverslag